ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Byggmester Bjørn Rune Kvinge As
Kvingebakkevegen 97
5981 MASFJORDNES

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Larissa Dahl | 03.01.2023 |
| Vår: 22/4355 - 23/701 | larissa.dahl@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve - gbnr 444/23 ombygging 3 leilegheiter Mangersneset

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 015/23** |
| **Tiltakshavar:** | Manger Meieri As |
| **Ansvarleg søkjar:** | Byggmester Bjørn Rune Kvinge As |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for ombygging/bruksendring frå fabrikk for Manger meieri til lagerbygg med parkering og 3 leilegheiter i 2. og 3.etasjar på gbnr gbnr 444/23 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: 3 leilegheiter.**
2. **Ferdigattest skal liggje føre innan 31.12.24.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 22/4355, datert 05.12.22.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Ny tilkomst til delar av utomhus.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: ombygging av fabrikk til 3 leilegheiter.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.12.24.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.12.22.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for [heile/delar] av tiltaket.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Mangersnesvegen 99  5936 Manger |
| Bygningstiltak: | Lagerbygg med parkering og 3 leilegheiter |
| Bygningsnummer: | 176121831 |
| Bruksareal: | Samla BRA 607,2 m2, BRA bustad 281 m2 |
| Avløp: | kommunalt |
| Vatn: | kommunalt |
| Tal på røykløp: | 2 |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1).  Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/4355

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Larissa Dahl<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Manger Meieri As | Mangersnesvegen 75 | 5936 | MANGER |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Byggmester Bjørn Rune Kvinge As | Kvingebakkevegen 97 | 5981 | MASFJORDNES |